Områdenavn: FO 5	**Øystese -Busdalen-**	**Gnr/bnr:**	**44/9 mfl.**
Journalpost innspel:	Vedtak FSK		
Noverande planstatus:	I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006, er mesteparten vist som framtidig offentleg areal, også eit mindre område med landbruk-, natur-, og friluftsområde og eit mindre areal for framtidig næring. I reguleringsplan i frå 2008, er området stort sett regulert til barnehage.		
Områdeskildring:	Området ligg i Busdalen, relativt sentralt i Øystese. I dag vert området nytta til landbruksføremål. Området er avgrensa i vest mot Øysteseelva. I sør er det kort avstand til Øystese sentrum. Samla areal, ca 22 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Idrettsanlegg IA10 og IA11.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	**Tilrådd**		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Konsekvensutgreiing

Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no. To registreringar i artsdatabanken.no. Gjeld barlind og rugde.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Arealet er fulldyrka og ligg Inf-l-område.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Det er registrert automatisk freda fornminne på staden. Gjeld dateringar ifrå eldre jernalder. Krev evt at området vert frigjeve.	S	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Registrert som åslandskap og skogåsar. Ein del av eit samanhengande jordbruksareal i drift. Også spreidd bustadstruktur i området.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Gode turmoglegheiter i området. Område eigna for skileik mm	M	-2
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg/anlegg kan førekoma.	L&H : S5/K1 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg innafor område for flaumsonekart for Øystesevassdraget, viser fare for flaum i området. Området fungerer i dag som eit oppsamlingsområde for vatn ved flaum.	L&H : S3/K3 M: S3/K3 Ø&P: S3/K3
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1
Radon	Ligg innan faresone for radon, p.g.a. mange høge målingar i nærliggjande område.	Nye tiltak med personopphald må byggast med radonduk	L&H : S5/K3 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Sentralt område med god brannberedskap.	L&H : S3/K3 M: S3/K1 Ø&P: S3/K2
Ulukker	Trafikkulukker.	Delar av området manglar gang- og sykkelveg til sentrum.	L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Samlokalisering av idrett og landbruksområde.	Idrett i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H : S3/K2 M: S3/K1 Ø&P: S3/K2

	Konklusjon frå Rådmannen		
Relevante samfunnstema	*Tettstadsutvikling*	*Kollektivtransport / gang- og sykkelveg*	*Transport*
	Folkehelse	*Kommunale tenestetilbod og økonomi*	*Born og unge*
	Teknisk infrastruktur	*Næringsliv og sysselsetting*	*Universell utforming*

Området ligg sentralt i Øystese og innafor 10 min gåavstand i frå sentrum, der kommunen ynskjer ei tett utnytting. Lokalisering av idrettsanlegg i dette området samsvarer med arealstrategi nr 4 og kan verta eit viktig bidrag til born og unges aktivitet nær Øystese sentrum.

Det er i samband med kommuneplanen sin arealdel og oppfylging av kommuneplanen sin samfunnsdel, gjennomført moglegheitsstudiet for Øystese. Arbeidet er gjort er mellom anna gjort for å få fram ein meir attraktiv og berekraftig tettstad. I moglegheitsstudien er fellesareal og område som skapar aktivitet og som vert bunde saman på ein god måte, ein viktig premiss for den gode staden.

Det er kort veg til skule og barnehage. Barneskulen ligg vel berre 150 m i frå området, medan barnehagen og eksisterande fotballbane og idrettshall ligg om lag 300 m ifrå det føreslåtte området. Det er ca 300 m til offentleg badestrand midt i sentrum. Det ligg til rette for enkel tilkopling til eksiterande vatn og avlaup.

Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Viser til Kvam herad sin kommuedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftliv for betraktninger rundt folkehelse.

I ny kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ny stor kunstgrasbane i Øystese nemnt som eit prosjekt og ønskje om å ruste opp anlegg for friidrett. Det vert vist Busdalen som ein mogleg plassering av ein FRIplass. Ein stor kustgrasbane med sikkerheitsmål har storleiken 72 x 110 m og eit område for friidretts- og aktivitetsanlegg har ein storleik på 40 x 70 m. Det vil vere utfordande å få plass til begge anlegg i Busdalen, det er mogleg å finne plass til FRIplassen i nærleik til ungdomsskulen. Før utvikling av området, må fylkesvegen forbi området leggast om.

Med endring av formål i Busdalen, så er det nokon utfordringar som må avklarast gjennom reguleringsplan:

- Flaumsonekartet viser at det må gjennomførast avbøtande tiltak, før området kan utnyttast, konkrete tiltak må verta ein del av framtidig reguleringsplan.
- Tilhøvet til automatisk freda kulturminne må og avklarast ved ny utnytting av arealet.
- Vurdere plassering av ny stor kustgrasbane og FRIplass.
- Radon må også avklarast før området vert tatt, då Kvam herad sitt kart for radon, viser område der det bør vurderast avbøtande tiltak.

Området inneheld viktige grøntstrukturar som er viktige både for nærmiljøet og området rundt Øystese. Eit idrettsanlegg i dette området vil ha negativ konsekvens for eksisterande jordbruksdrift. Men dette arealet har i gjeldande plan og gjeldande reguleringsplan allereie vore omdisponert til anna areal enn jordbruk. Ved utbygging er det eit krav om å ta vare på den gode landbruksjorda.

Området ligg sentralt i Øystese og tilfredsstiller fleire av arealstrategiane for Kvam herad. Det vert **tilrådd** å sette av areal til idrettsanlegg.

Det vert sett krav til:

- Avbøtande tiltak i høve til flaumfare.
- Tilhøvet til automatisk freda kulturminne må avklarast.
- Tilhøvet til radon må avklarast.
- Landbruksjorda skal takast vare på.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)

Busdalen er føreslått til framtidig idrettsanlegg